

Oppsummering av merknader ved offentleg ettersyn 2023

Småstranda næringsareal, detaljregulering

Det har kome inn merknader frå:

Myndigheter statlege og regionale

Kystverket

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Statens vegvesen (SVV)

Fylkeskommunen i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB)

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

Mattilsynet

Private

14 privatepersonar

Avsender og dato	Oppsummering av merknad	Kommentar frå plankonsulent Norconsult	Kommentar frå Vanylven kommune
Statens vegvesen, 13.01.2023	<p>Saknar ei overordna vurdering knytt til behov for næringsareal i denne delen av kommunen, og transportbehovet lokaliseringa medfører i forhold til samlokalisering med eksisterande næringsområde eller andre lokasjonar. Etablering av eit næringsareal her, isolert frå andre utbyggingsområde, vil generere eit transportbehov av både gods og personar. Då det verken er lagt til rette for mjuke trafikantar eller kollektiv, innbyr det til meir bruk av privatbil.</p> <p>Det er ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar langs fv. 61. I kommuneplanens arealdel er det lagt opp til gang- og sykkelveg langs vestsida av fylkesvegen, frå krysset med Slagenesvegen på</p>	<p>Norconsult er samd i at lokalisering av næringsarealet gir grunnlag for auka transportbehov. Kommunen bør grunngi behov, val av lokalitet og dokumentere vurderingar gjort av Synergigruppa.</p> <p>Den stipla linja i arealdelen er vist i skråninga mellom fylkesveg og strandsone. Det er uklart om kommunen har tenkt ein turveg her, eller en g/s-veg langs fylkesvegen.</p>	<p>Val av lokalisering: Synergi gruppa i Vanylven har motteke innspeil om tilrettelegging for framtidig sjønært næringsområde på Åheim. Grunna ueigna sjøgrunn vart regulering av fylling nord for Småbåthamn i Åheim stoppa. Småstranda mellom Åheim og Slagnes vart vurdert som ei alternativ plassering av næringsområde sør i</p>

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

	<p>Vik til Torvikvegen i Torvika. Vi ser det derfor som viktig at nødvendig areal til framtidig gang- og sykkelveg ikkje blir bygd ned, og ein må sikre dette i reguleringsplanen.</p> <p>SVV reiser ikkje motsegn til planen.</p>	<p>Ein framtidig turveg vil kunne krysse næringsområdet eller tilkomstvegen, om det seinare er ønska. Ein g/s-veg må i tilfelle leggast langs fylkesvegen, og det vil måtte vurderast om g/s-vegen skal gå på aust eller vestsida av fylkesvegen, og om fylkesvegen skal utbedrast. Dette er vurderingar som det ikkje er mogleg å gjøre som ein del av planarbeidet for Smaastranda næringsareal. Det er, etter det Norconsult kjenner til, ingen umiddelbare foreståande planar om verken turveg eller g/s-veg.</p>	<p>Vanylven, nær opp til ekst. næring. Kommunestyret vedtok i sak KO-106/21 oppstart av regulering av Smaastranda for å vere i posisjon for mottak av tunellmasse frå Stad skipstunellmasse. Etter varsle oppstart er område kraftig redusert og flytta nordover til Svoringevika. Næringsområde er plassert 290m frå nærmaste hytte.</p> <p>Utvikling av område: Det er i dag eit masseuttak i dette område, som vil kunne bruke delar av område til masseleveranse på sjø. Vanylven kommune ynskjer utover dette ha område tilgjengeleg for framtidig næringar, som har behov å for sjønært areal. Ein etterspørsel som vil komme, når Stad skiptunell vil gjere Vanylvsfjorden til ei viktig transportåre for båt-trafikk.</p> <p>Økonomiske belastingar: Administrasjon har orientert politisk gjennom konsulent vurderingar om utbyggingskostnadene mellom 31-40 mill. NOK for fylling utbygging.</p>
--	--	---	--

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

			<p><u>Regulering gangveg utgår:</u> Administrasjon er samd med Norconsult om regulering av gangveg langs fylkesveg ved Småstranda bør vente på eigen plan, når ei slik regulering vert prioritert.</p>
<i>Fylkeskommunen i Møre og Romsdal, 09.02.2023</i>	<p>Planforslaget er i strid med veglova § 1 a og retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i Fylkesplanen. Vi saknar ei meir overordna vurdering knytt til behov for næringsareal i denne delen av kommunen og kva transportbehov denne plasseringa medfører i forhold til eksisterande næringsområde eller andre plasseringar av næringsareal. Vi har ikkje motsegn til planframleggjett, men viser til merknaden over.</p>	<p>Norconsult er samd i at lokalisering av næringsarealet gir grunnlag for auka transportbehov. Kommunen bør grunngi behov, val av lokalitet og dokumentere vurderingar gjort av Synergigruppa.</p>	<p>Administrasjonen har grunngjeve behov og plassering til næringsområde i kommentar til Statens vegvesen sine innspel (sjå ovanfor).</p>
<i>Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 03.02.2023</i>	<p>Tiltaket vil ha stor verknad på landskapet, særleg sett frå sjøsida. Av estetiske omsyn og for å hindre utvasking av fyllmassar må det setjast krav i føresegnehene til plastring av utfyllinga.</p> <p>Det må framkomme av føresegn § 4.2 kva krav som stillast for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot skred. Dette er til dømes godt skildra på side 35 i Norconsult si Skredfarevurdering datert 25.04.2022. Vi forutsett at kommunen følgjer dette opp.</p> <p>Føresegna knytt faren for stormflo er uklar på kva krav som gjeld. Føresegna må formulerast meir eintydig når det gjeld kva er faren i omsynssona, og kva krav som gjeld for tiltak innanfor omsynspona for å sikre tilfredsstillande tryggleik. Vi forutset at kommunen følgjer dette opp.</p>	<p>Det er sett krav i føresegnehene §2.4 om plastring av utfyllinga.</p> <p>§ 4.2 er oppdatert.</p> <p>§ 4.3 er oppdatert.</p>	<p>Ingen kommentar utover Norconsult sine kommentarar.</p>

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

<p>Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 08.02.2023</p>	<p>Det er innarbeidd omsynssone og føresegns knytt til faren for steinsprang. NVE gir råd om at konklusjonen som går fram av Norconsult sin rapport i saka blir lagt inn i føreseggnene til omsynssona (jf. § 4.2).</p> <p>Dokumentasjonen av dei geotekniske forholda som føreligg, og den oppfølginga som er sikra i planforslaget, tek i vare kravet til sikker byggegrund for planområdet. NVE viser likevel til kommunen sitt ansvar for ivaretaking av tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare i pbl. § 28-1. NVE ber om at utførte grunnundersøkingar meldast inn til Nasjonal database for grunnundersøkingar (NADAG).</p>	<p>§ 4.2 er oppdatert.</p> <p>Utførte grunnundersøkingar er nå meld inn til Nasjonal database for grunnundersøkingar (NADAG).</p>	<p>Ingen kommentar utover Norconsult sine kommentarar.</p>
<p>Kystverket, 24.01.2023</p>	<p>Planavgrensinga er innskrenka og strekk seg ikkje lenger inn i tilgrensande farlei. Det vil difor vere føremålstenleg å endre arealbruksføremål VF «Farleier» (sosi 6200) til «Ferdsle» (sosi 6100) som har eit meir ålement tilsnitt.</p> <p>Planen med føresegner slik den er lagt fram synest elles føremålstenleg og vil ikkje få særskild innverknad på statleg farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn Kystverket er satt til å ivareta i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket har såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.</p> <p>Kystverket gjer merksam på at kai og utfylling er tiltak som kan påverke ferdsle og tryggleik i farvatnet og då kan vere avhengig av løyve etter hamne- og farvasslova § 14. Då tiltaka i dette tilfellet vil vere plassert i kommunalt farvatn vert det kommunen si oppgåve å vurdere tiltaket opp mot omsyna i lova og elles til anna bruk av sjøarealet. Søknadsplikt etter hamne- og farvasslova er sjølvstendig og vil gjelde parallelt med eventuell søknadsplikt etter plan- og bygningslova.</p>	<p>Føremål «Farleier» er endra til «Ferdsle».</p> <p>OK.</p> <p>Kommunen må følgje opp dette innan anleggsstart.</p>	<p>Ingen kommentar utover Norconsult sine kommentarar.</p>
<p>Mattilsynet, datert 31.01.2023</p>	<p>Mattilsynet syner til matlova og plikt til aktsemd med tanke på å førebyggje og hindre risiko for spreieing av smittsame sjukdommar på dyr, medrekna akvatiske dyr. Vi forventar difor at der det er</p>	<p>Vi viser til utarbeid utfyllingssøknad oversendt Statsforvaltar, som behandler tema Mattilsynet peikar</p>	<p>Ingen kommentar utover Norconsult sine kommentarar.</p>

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

	<p>relevant, bør det utarbeidast føresegner som vil førebygge overføring av kjend og ukjend smitte mellom vassdrag og langs kysten med omkringliggjande område.</p> <p>Dersom det blir større aktivitet med utfylling, utmudring og eventuell sprenging i sjø, så må de kunne ha moglegheit til å setje i verk førebyggjande tiltak for å redusere belastninga for akvatiske dyr, og særleg oppdrettsfisk.</p> <p>Ved anleggsarbeid vil det være viktig at spesielt Statt torsk ASA, lokalitet Stokkeneset, blir informert om planlagt aktivitet. Utbyggjar må kunne iverksette tiltak ved behov og ha tilgjengeleg nødvendig utstyr for å skjerme fisken for unødige påkjenningar. Stiltgardin vil kunne være eit eksempel på slikt utstyr.</p> <p>Det er ikkje teke stilling til kva type verksemder som skal etablerast innafor planområdet. I følge ROS-analysa skal det etablerast tilstrekkeleg vassforsyning (inkludert sløkkevatn) tilpassa næringsaktiviteten. Dersom vatnet skal nyttast til inntak, håndvask m.m. vil krava i drikkevassforskrifta vere gjeldande.</p>	<p>på. Utfyllingssøknaden kjem truleg på høyring innan kort tid. Utfyllingsøknaden beskriver også tiltak i anleggsfasen.</p> <p>I samband med rammesøknad og igangsettingsløyve må kommunen sikre seg at Statt torsk ASA er informert.</p> <p>I samband med rammesøknad og igangsettingsløyve må kommunen sikre seg at dersom vatnet skal nyttast til inntak, handvask m.m. skal krava i drikkevassforskrifta følgast.</p>	
DSB, datert 22.12.2022	DSB skriv at dei ikkje har kapasitet til å gå inn i alle mottekne plansaker og sender difor automatisk ut et generelt svar. Det er Statsforvaltaren som skal følge opp at omsynet til samfunnstryggleiken er teken hand om i plansaker. Statsforvaltaren har også eit ansvar for samordning av statlege innseiingar til kommunale planar.	OK	OK
DMF, datert 03.02.2023	Ettersom det berre skal gjerast utfylling i sjø, og ikkje tiltak på land, går DMF ut i frå at planen ikkje vil få konsekvensar for masseuttaket. DMF ser våre merknader om massehandtering og massetransport som imøtekomme og har ingen ytterlegare innspel til planarbeidet.	OK	OK
Inspel frå private: <i>Magritt Kile Slåke, datert 19.01.2023</i>	Alle 12 inspel frå private er samstemte med omsyn til eit næringsområde sin negative påverknad for naturmiljø, fritid, friluftsliv, hytter, turisme og framtidig utvikling. Alle er sterkt imot at	Norconsult oppfordrer kommunen til å vurdere innspela og kva utvikling ein ønsker for området. Vanylven	Administrasjonen har gjort reie for plassering, utvikling, lokalisering og økonomiske

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

<p><i>Svein Bjarne Slåke, 29.01.2023</i></p> <p><i>Gerd Slåke, 17.01.2023,</i></p> <p><i>Bernd Kinkel, 28.01.2023</i></p> <p><i>Roald Kinkel, 18.01.2023,</i></p> <p><i>Daniel Eidså, 02.02.2023,</i></p> <p><i>David Eidså, 03.02.2023,</i></p> <p><i>Stein-Tony Eidsaa, 02.02.2023,</i></p> <p><i>Lea Eidsaa, 02.02.2023,</i></p> <p><i>Rakel Eidsaa, 02.02.2023</i></p> <p><i>Johanne Vidnes Brandseth og Kjell Brandseth, 31.01.2023,</i></p> <p><i>Torger Eimhellen 20.02.2023,</i></p> <p><i>Bjarne Maalø 26.02.2023.</i></p>	<p>det skal regulerast eit næringsområde i Småstranda. Naboane skriv mellom anna at eit næringsområde vil øydelegge strandlinja, øydelegge området visuelt, skade det marine dyrelivet i området, og at det vil tilføre enda ei støykjelde til eit over 30 år gammalt hyttefelt. Det vil også redusere verdien på hytteeidene. Dei meiner at det er både uvanleg og uelegitimt å plassere eit næringsområde rett ved eit etablert hyttefelt. Næringsområdet vil redusere trivselen ved hyttene. Naboane meiner at det er svært skuffande at lokalpolitikarane i Vanylven kommune har sagt ja, og dermed godteke, desse planane.</p> <p>Under er hovudpunktene i dei private innspela forsøkt samla og oppsummert.</p> <ul style="list-style-type: none">• Området ligg ikkje inne som næringsareal i gjeldande arealdel og grunneigarane i området kjenner seg «lurt».• Lurer på hva kaiområdet og lagerbygningane er tenkt bruk til?• I gjeldande kommuneplassering er det skrive mange gongar at naturen skal takast vare på og det skal satsast på turisme. Naboane peikar på at få vil bygge hytte og hus der det er industri. Turistane vil ha urørt natur.• Møre og Romsdal fylke vil i samsvar med gjeldande fylkesplan vere miljøfylke, og då er det viktig å ta vare på naturen – i alle fall dersom ein skal bli nr.1. Møre og Romsdal vil vere eit attraktivt og mangfaldig fylke å bu i.• Det er fleire ledige næringsareal i kommunen. Det er ikkje behov for eit nytt. Ein må først nytte det ein har frå før.• Minner kommunen på det generelle vernet strandsona har gjennom plan- og bygningslova § 1-8, om at ein her skal ta særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser.• Landskapet vil bli svært endra og det vil ha store negative konsekvensar for trivsel ved hyttene<ul style="list-style-type: none">○ Ønsker ikkje 11 meter høge næringsbygg	<p>kommune må svare for behov, val av lokalisering, kva området er tenkt brukt til og evt. økonomisk belastning.</p> <p>Den positive effekten for næringslivet er nedtonet i planomtalen som følgje av usikkerheita rundt potensielle interessantar/behov.</p> <p>Med omsyn til visuelle ulemper:</p> <ul style="list-style-type: none">• Dersom det skal tillatast næringsbygg i to etasjer her, er 11 m ei vanleg høgde. Kommunen må vurdere høgde-behov.• Det er lagt til ei føresegn som sikrar bruk av ikkje reflekterande materiale i bygg, § 3.1.1.• Norconsult har vurdert forslaget med voll på den sørlege sida av utfyllinga for å skjerme mot innsyn. Det er krevjande å få til ein grøn voll med beplanting i dette verutsette området. Vi fryktar at ein grøn voll fort vil bli utvaska og ligge tilbake som ei steinraus. Vi tilrår at det heller blir satsa på skjerming mot nord på uteplassar ved hyttene.	<p>belastingar av næringsområde i kommentar til Staten vegvesen sine innspel (sjå ovanfor).</p> <p>Administrasjon tilrår næringsbygg i 2 høgder, 11m.</p> <p>Administrasjon elles samd i konsulent vurderingar og svar, og at eventuell skjerming av innsyn til næringsområde bør skje på uteplassar ved hytta.</p>
---	--	--	---

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

	<ul style="list-style-type: none">○ Ønsker voll med beplantning rundt heile området○ Ønsker ikke-reflekterande material i konstruksjonar og bygningar på næringsområdet○ Ønsker støyskjerming• Området er lite eigna som næringsområde plassert på ein vêrutsatt stad.<ul style="list-style-type: none">○ Er det gjort berekningar av stormflo og bølger?• Det er ikkje rett det som Norconsult hevdar, at det er registrert lite trafikk på sjøen. Området har vore og er nytta til å setja garn og teiner, til fiske, yrkesfiske og friluftsliv. Området blir nytta til padling med kajakk og brett. Dette området når ein best frå sjøen.• Mangelfulle undersøkingar både når det gjeld biologisk mangfald og grunnforhold<ul style="list-style-type: none">○ Feltundersøkingar bør gjerast fleire gongar i løpet av året for å sjå endringar.○ Det er kun vist til gyteområde for fisk (torsk), men heile strandsona og dei grunne områda er oppvekstområde for svært mange fiskeslag og andre marine artar. Mot vest og sør er ikkje heile området på havbotnen undersøkt. At Norconsult meiner dei har tilstrekkeleg kunnskap ved å kjøre med ROV langs botnen fortel ein god del.○ Norconsult set synsinga til «Noko negativ konsekvens». Naturmangfaldslova §8 pålegg forvaltninga å innhente og legge til grunn kunnskap om natur når ein tek avgjerdar som råkar naturmangfaldet. Blakking av sjø (dvs. småpartikla støv) vil påverke gytinga negativt. Oppvekstvilkåra for alle marine artar vil verte negativt påverka. Steinstøv på gjeller hos fisk kan føre til død. Her meiner Norconsult berre at det kan ha negativ effekt på gytesuksess.	<ul style="list-style-type: none">• Anleggsarbeidet og seinare driftsfase skal overhalde støykrav i T-1442. <p>Med omsyn til påstand om ufullstendige undersøkingar/vurderingar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Området er verutsett og det vil vere nødvendig med sikring mot stormflo og bølger, sjå føresegner §2.4 og §4.3.• Med «registrert trafikk» blir det vist til den trafikken som er registrert i Kystinfo.no. Trafikk knytt til fritid og friluftsliv er, som det blir påpeika i merknaden, ikke registrert der.• Ja, det må gjerast fleire undersøkingar av grunnforhold når ein kjem til byggefason. Det som skal dokumenterast på reguleringsplannivå er at det ikkje er risiko for områdeskred (kvikkleire).• Konsekvensgraden for friluftsliv er oppjustert etter innspel fra brukarane. <p>Med omsyn til undersøkingar av marint naturmangfald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Feltundersøkingar er gjennomført på	
--	---	--	--

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

	<ul style="list-style-type: none">○ Ved å legge til rette for kai og båttrafikk vil faren for å spreie uønska arta auka mykje (t.d havnespy). Dette er ein art som veks over og dekkjer alle andre artar. Den kveler desse og dominerer botnen. Dette fører til artsfattigdom og mattilgongen til fisk vert sterkt redusert.○ Kan kommunen dokumentera at utfylling i sjø ikkje skadar raudlista artar og gyting, oppvekstforhold for torsk, sei, lør og andre fiskeslag?○ Kan kommunen dokumentera at det er utført feltanalyse på landarealet og feltanalyse i strandsona?○ Den yste delen og den sørlege delen mot hyttefeltet har ikkje blitt sjekka ved hjelp av grunnboring.• Forureining i sjø ved utfylling<ul style="list-style-type: none">○ Alle dei små partiklane i skytemassen må også fangast opp slik at den ikkje får fritt spelerom i sjøen og kan tette gjellane til fisk.• Set spørsmålsteikn til anleggsgjennomføring<ul style="list-style-type: none">○ Korleis skal stein bli frakta hit?○ Støyskjerming i byggeperioden○ Ønsker støymålingar over ei lengre periode ved ei eventuell byggeperiode, for å sjekka skikkeleg at støyen er akseptabel og at det blir sett i gang tiltak straks dersom målingane viser uakseptable verdiar.• Ønsker akselerasjonsfelt på fylkesvegen ifbm avkjørslen• Er det laga budsjett for kor mykje dette næringsområdet kjem til å kosta kommunen i kroner?• Ønsker heller g/s-veg eller ei sti for natur- og kulturvandring	<p>sommarrhalvåret, som er eit tidsrom som blir vurdert som tilfredsstillande for kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 19. Det blei funne tareskog som er ein viktig naturtype, ettersom den dannar leveområde for svært mange artar gjennom heile året. Tidsperioden som er valt for feltarbeid er også tilrettelagt for å oppdage andre naturtypar enn tareskog.</p> <ul style="list-style-type: none">• Viktigheita av funksjonen dei grunne områda har, er belyst gjennom vurderinga av tiltaket på tareskog som naturtype. Denne naturtypen er viktig nattopp fordi den har grunnleggande betydning for assosiert alge- og dyresamfunn, og fungerer som yngle- og oppvekstad, gøymestad og beiteplass for fisk og andre dyr. Føre-varprinsippet er nytta for vurderingsgrunnlaget, og område mellom ROV-transekten er basert på observasjonar i felt og Havforskningsinstituttet si modellering av tareskog skravert som tareskog. Det	
--	---	---	--

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

	<ul style="list-style-type: none"> Ønsker at området rundt Slagenes heller skal bli et område for natur- og kulturopplevelser <p>Johanne og Kjell Brandseth har laget en illustrasjon med forslag:</p> 	<p>same gjeld for områda i same djupne sør for området som er undersøkt. Områdene vest for ROV-transektene er djupare (>50 m) enn der fotosyntetiserande organismer lever, og naturtyper som tareskog og ålegrassamfunn kan derfor ikke eksistere her.</p> <ul style="list-style-type: none"> Vurderinga landa på «noko negativ konsekvens» med etterhald om at det finst tareskog mellom ROV-transektene, samt nord og sør for utfyllinga jf. Miljødirektoratets handbok/rettleiar for konsekvensutredning for klima og miljø M-1941. Blakking av sjø er relatert til anleggsfase og omtalt i eige kapittel. I dette kapittelet kjem det fram at tiltaket kan påverke fisk i gyteområdet som følge av sprengsteinsmassane. Vurdering av påverknad som følge av anleggsfase er ikke knytt til tiltaket sin konsekvens på naturmangfold. Etter rettleiaren skal driftsfase 	
--	--	---	--

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

		<p>vurderast i konsekvensutgreiingar.</p> <ul style="list-style-type: none">• I konsekvensutgreiinga er risikoen knytt til framande artar og samanheng med auka båttrafikk omtalt og vurdert.• Utfylling i sjø ved Småstrandamed omsyn til raudlista artar, gyting og oppvekstområde for torsk, sei, lør og andre fiskeslag er vurdert gjennom delområde (for tareskog, gyteområde og funksjonsområde for fugl) i Konsekvensutgreiinga for marint naturmangfold. Her er det konkludert med at tiltaket vil medføre noko negativ konsekvens for naturmangfold, ettersom ein mister mindre areal av tareskogen, samt at tiltaket vil bidra til bit-for-bit-fragmentering saman med andre utfyllingsprosjekt i kommunen.• Det er ikkje gjort feltundersøkingar på land. Med omsyn til forureining og blakking av vatn:<ul style="list-style-type: none">• Det er parallelt med reguleringsplanen utarbeida ein utfyllingssøknad, som er	
--	--	--	--

Notat

Oppdragsgiver: Vanylven kommune

Oppdragsnr.:52200162 Dokumentnr. Merknadsdokument offentleg ettersyn

		<p>sendt til statsforvaltaren. Denne blir lagt ut på heimesida til statsforvaltaren under «Høyringar». Her blir forholdet til sjølve utfyllingsarbeidet og risikoen for forureining i den samanhengen omtalt.</p> <p>Med omsyn til anleggsarbeid:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vi kan på noverande tidspunkt ikkje seie korleis anleggsarbeidet blir gjennomført. Kommunen håpar å få stein fra Stad skipstunnel, og denne steinen vil i tilfelle truleg bli frakta med splittelekter til området. Om området blir opparbeida dersom kommunen ikkje får stein fra Stad skipstunnel, er pr. no uvisst. Anleggsarbeidet skal oppfylle krav til støy, og skjerming mot naboar kan vere eit avbøtande tiltak som kan vurderast. <p>Det er ikkje planlagt akselerasjonsfelt på fylkesvegen, og heller ikkje vurdert som nødvendig.</p> <p>Kommunen må vurdere ønsket om turvegar.</p>	Gangveg eller turveg bør komme i eigen reguleringsplan i framtida, som vurderast prioritert.
--	--	---	--